



Kommuneplanen sin samfunnsdel 2017 - 2029

## Innhold

|                                                              |    |
|--------------------------------------------------------------|----|
| 1. Innleiing .....                                           | 2  |
| Bakgrunn for planarbeidet.....                               | 2  |
| Planprosessen .....                                          | 3  |
| Kort om Kviteseid .....                                      | 4  |
| 2. Kviteseid kommune som organisasjon og arbeidsgjevar ..... | 5  |
| 3. Mål for samfunnsutviklinga i Kviteseid .....              | 6  |
| 4. Arbeidsmarknad og næringsutvikling .....                  | 7  |
| 5. Helse og omsorg.....                                      | 12 |
| 6. Oppvekstmiljø, barn og unge .....                         | 17 |
| 7. Samfunnstryggleik og beredskap .....                      | 20 |
| 8. Klima og miljø.....                                       | 22 |
| 9. Naturressursar, natur- og kulturlandskap .....            | 24 |
| 10. Bustadbygging og bumiljø .....                           | 28 |
| 11. Hyttebygging .....                                       | 30 |
| 12. Infrastruktur, samferdsel og kommunikasjon.....          | 32 |
| 13. Sentrumsutvikling .....                                  | 34 |

## 1. Innleiing

### Bakgrunn for planarbeidet

Alle kommunar skal ha ein samla kommuneplan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og ein arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen i sin heilskap skal utarbeidast etter reglane i plan- og bygningslova. I tillegg må det takast omsyn til sektorlover, samt nasjonale- og regionale retningslinjer. Det vil mellom anna vere statlege planretningslinjer, rikspolitiske retningslinjer (RPR), stortingsmeldingar, handlingsplanar, rundskriv og fylkesdelplanar.

Dette dokumentet utgjer kommuneplanen sin samfunnsdel og skal omfatte langsiktige utfordringar, mål og strategiar for lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen skal reviderast i tråd med vedteken planstrategi, overordna føringar og relevant lovverk. Samfunnsdelen legg føringar for utarbeiding av arealdelen, og sidan ein reviderer desse samstundes er det viktig med god dialog mellom dei ulike arbeidsgruppene.

Kommune ynskjer å nytte samfunnsdelen som verktøy i den daglege sakshandsaminga og samfunnsutviklinga, og erstatte enkelte sektorplanar. Vi ynskjer at samfunnsdelen skal utgjere ei mest mogleg heilskapleg omtale av Kviteseid kommune.



## Planprosessen

Prosessen med å utarbeide ny kommuneplan for Kviteeid starta i 2011. Arbeidet stoppa opp etter at det var gjennomført folkemøte.


Planstrategien slår fast behov for revidering av gjeldande kommuneplan (frå 1998!). Første steg i prosessen med å revidere kommuneplanen var å utarbeide eit planprogram som vart vedteke i kommunestyret **September 2016**

Planprosessen for 2017/2018 legg opp til stor grad av involvering og medverknad frå innbyggjarane i planarbeidet. I samband med oppstart av kommuneplanarbeidet 2017 vart det gjennomført folkemøte på tre ulike stader i kommunen. Alle folkemøta hadde god oppslutning. Innspela er vurderte og inkluderte i planen der det er relevant.

Alle kommuneplanar blir normalt evaluert og eventuelt rullert kvart fjerde år. Handlingsdelar skal rullerast årleg med mål om evaluering og kopling til økonomiplanarbeidet. Opne prosessar med fokus på medverknad og involvering skal gje god kvalitet i planarbeidet og innhald.

Utarbeiding av samfunnsdelen har føregått i samarbeid mellom sakshandsamarane i kommuneadministrasjonen, arbeidsgruppa for samfunnsdelen og andre med nøkkelposisjonar innan dei enkelte fagfelte.

Styringsgruppa for kommuneplanarbeidet har blitt løpande orientert om framdrifta og innhaldet i samfunnsdelen. Organisering av arbeidet går fram av figur 1.1



Figur 1: Rulling av kommuneplanen, samfunnsdelen og handlingsdelen



Figur 2: Organisering av kommuneplanarbeidet

## Kort om Kviteid

### **Kommunen der flammen aldri sloknar – (alt. kommunen der flammen alltid brenn)**

*Eit godt liv, eit ope samfunn, yrande næringsliv, god infrastruktur*

Kviteid er ein innlandskommune sentralt plassert i Vest-Telemark. Kommunen er relativt liten i folketal med om lag 2440 innbyggjarar. Kviteid er kommunesenter og den største tettstaden med om lag 1.000 innbyggjarar. Arealet på 708km<sup>2</sup> er prega av relativt høge fjell og dei store vassvegane som går gjennom kommunen.

Folketalet i kommunen har i løpet av 10 år blitt redusert med 3,7 %. Den største nedgangen er i aldersgruppa 0-9 år. Gruppa 0-5 år viser ein reduksjon på ca 18%, medan gruppa 5-9 år er ned heile 32%. Det er verd å merke seg at Kviteid har 180 elevar på Kvitsund Gymnas i aldersgruppa 16-20 år. Desse melder i hovudsak ikkje flytting.

I framskriving av folketalet ser vi at gruppa 67-79 år aukar fram til 2020 og gruppa over 80 år aukar mykje frå 2025.

Denne samansetninga og nedgangen i folketal er uheldig for kommunen sin økonomi og utvikling, og det er eit overordna mål å oppnå folketalsauke i kommunen.

Det er svært låg arbeidsløyse i kommunen, (om lag 1 %) og fleire av dei største verksemdene har hatt ei positiv utvikling og auke i tal arbeidsplassar dei siste åra. Det gjeld særleg innan kunnskapsarbeidsplassar, til dømes NC-Spectrum. Bygginga av ny SIVA næringshage gir også store positive ringverknader.

Arbeidet med utvikling av næringshagen gjev moglegheiter. Med fleire arbeidsplassar og auke i talet på tilflyttarar dei kommande åra. Dette inneber at kommunen må legge til rette for god infrastruktur og å ha tilstrekkeleg med attraktive, regulerte område for bustadar og næring tilgjengeleg.

Eit rikt organisasjonsliv med allsidige kultur- og fritidstilbod, gode skular og barnehagar, og flott natur, gjer Kviteid til ein god og trygg stad å bu og vekse opp i. Folk i Kviteid er stolte av sin eigen kultur. Samstundes har Kviteid lange tradisjonar for å opne seg mot omverda og ta i mot nye menneske og kulturar. Turister frå mange land har besøkt kommunen. Morgedal er kjent som skisportens vogge i heile verda. Kvitsund gymnas har gjennom mange år teke i mot ungdommar frå heile Norge. Nokon av desse elevane har i ettertid busett seg i kommunen.

## 2. Kviteseid kommune som organisasjon og arbeidsgjevar

Kviteseid kommune har ansvar for velferdsoppgåver, forvaltning og samfunnsutvikling. Med endringar i samfunnet møter vi nye forventningar frå innbyggjarar, brukarar og samarbeidspartnarar, både når det gjeld kapasitet og kvalitet. Kommunen skal levere tenester til eit stadig meir differensiert samfunn med stort aldersspenn og mange ulike kulturar representert. Sentrale styresmakter styrer vår tenesteleveranse gjennom rettar, lovkrav, kontroll og tilsyn, samt krav til miljøomsyn i alle ledd. I tråd med endringar i forventningar og krav til kommunen sine tenester og oppgåver, vil også utfordringane som arbeidsgjevar endre seg.

Kviteseid kommune har ein sårbar økonomi. Inntektsgrunnlaget har blitt svekka over tid, samtidig som oppgåvene har auka. Potensiale for vesentleg betring av økonomien må komme i form av auka inntekter eller kostnadsreduksjonar som følgje av strukturelle endringar. Dette stiller krav til effektivitetsauke i tenesteproduksjonen og iverksetting av tiltak for å auke folketalet i kommunen.

Kviteseid kommune har hatt ei positiv utvikling dei siste åra og har mykje å vere stolte av. Det er godt samarbeid mellom administrasjon, folkevalde, publikum og brukarar av tenestene.

### *Kviteseid kommune som organisasjon og arbeidsgivar skal jobbe målretta for å*

- oppnå ein sunn kommuneøkonomi (netto driftsresultat på 1,75%, driftsreserve på minimum 15 millionar og netto lånegjeld på 40% av netto driftskostnader
- vere ein veldreven organisasjon som yter gode tenester og har nøgde pasientar, brukarar, tilsette og folkevalde

### *For å nå desse måla skal Kviteseid kommune*

- vere ein attraktiv arbeidsgjevar med eit solid omdøme
- rekruttere tilsette med fag- og høgskuleutdanning
- vere ein inkluderande arbeidsplass med fokus på eit godt arbeidsmiljø og gode tenester
- førebygge sjukefråvær og legge til rette for kompetanseheving og styrking av kvar enkelt medarbeidar sitt utviklingspotensiale
- vidareutvikle eksisterande interkommunale samarbeid og jobbe vidare for utvikling av nye samarbeid
- effektivisere tenestene og ha eit kontinuerleg fokus på forbetringar innan eigen organisasjon

### 3. Mål for samfunnsutviklinga i Kviteseid

#### *Hovudmål:*

- Kviteseid kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Kviteseid kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Kviteseid kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Kviteseid kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Kviteseid skal vere den foretrukne bukommunen i Vest-Telemark.
- Kviteseid kommune skal sikre ei berekraftig forvalting av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Kviteseid kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyser (som mobil og fiber)
- Kviteseid kommune skal styrke Kviteseidbyen som kommunesenter og skape ein levande tettstad

#### *Overordna mål:*

- Kviteseid kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2029

#### *Folketalsvekst*


Eit primært mål for Kviteseid som samfunn er å auke folketallet. Fleire lokale bedrifter tek sikte på å utvide drifta si og auke tal tilsette i åra som kjem. Å tiltrekke seg nye innbyggjarar krev ikkje berre interessante arbeidsplassar, men også eit attraktivt samfunn i sin heilskap. Gjennomgangsbustader, attraktive hustomter, allsidige fritidstilbod, gode skular og barnehagar, nærbutikk og servicetilbod er del av heilskapen som må ligge til grunn for å tiltrekke seg og halde på nye fastbuande i kommunen.

Kommunen ynskjer difor å satse på infrastrukturtiltak, gode bustadstruktur, gjennomgangsbustader, støtte til lokalt næringsliv og utvikling av reiselivet for å tiltrekke seg nye tilflyttarar. Særleg viktig blir det å bygge vidare på dei områda der kommunen skil seg ut og tilfører noko ekstra til samfunnet – som til dømes innan IT- og kulturnæringa. Framsnakk og litt sjølvskryt er viktig for å skape positiv haldning og positivt omdøme til Kviteseid. Det gjeld det flotte landskapet vårt, det mangfaldige kulturtilbodet, det yrande næringslivet, alle eldsjelene og det opne samfunnet.

#### 4. Arbeidsmarknad og næringsutvikling

Arbeidsløysa i kommunen er svært låg, 1,4 % versus 2,6 % på landsbasis (Nav pr. 31.06.2017). Det har vore ein negative vekst i tal sysselsette frå 2012 til 2015.

Utanom tradisjonelle verksemdar innan byggeverksemd og handverk, service- og handelsnæringar inkl. turisme, er det ein høg andel sysselsetting knytt til verksemdar innan jordbruk, undervisning og utdanning, tenestenæringar innan IT.



Figur 2: Fordeling av sysselsette innan ulike næringar i Kviteseid

I tillegg til å styrke satsinga på dei næringane der vi frå før er gode og har potensiale til å oppnå meir, vil kommunen arbeide for å vere open for nye gründerar og eldsjeler som ynskjer å etablere seg og næringsdrifta si i kommunen, uavhengig av type verksemd. Vekst i næringslivet krev tilførsel av kompetanse og risikovillig kapital. Det krev verksemdar som evnar å nytte mulighetene i marknaden og som kan bygge nettverk og alliansar.

##### Landbruk:

Landbruksnæringa har gjennom tidene vore, og er framleis ei viktig næring i Kviteseid og utgjer om lag 10 % av sysselsettinga innan jordbruk, skogbruk og fiske (medan landsnittet er på 2,8%). Produksjonen har tradisjonelt vore husdyrhald, matproduksjon, tømmer og vedproduksjon, forvaltning av vilt og fiskeressursar. Dei siste 50 åra har landbruksnæringa vore gjennom store strukturendringar, noko som har medført færre yrkesutøvarar medan produksjonsvolumet har vore relativt stabilt.

Tal sysselsette innan jordbruk og skogbruk har dei siste åra vore i nedgang, men nye trendar og nisjar innan t.d. gards- og naturopplevingsturisme, bioenergi m.m. kan representere nye satsingsområde. Kommuneplanen sin arealdel tek omsyn til dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap. Sjølv om kommunen og næringa er underlagt sterke statlege føringar, skal det arbeidast for å oppretthalde produksjonsnivået og kulturlandskapet i størst mogleg grad.

##### Industri:

Det er fleir industriområde i Kviteseid. Etter 2014 har etterspurnaden etter industritomter vorte retta mot areal som ligg langs E134. Dei siste etableringane av plasskrevjande verksemdar har skjedd i Morgedal og Brunkeberg.

Det er lite ledige område til plasskrevjande verksemdar. I samband med arealdelen av kommuneplanen bør det setjast av område langs E134 som kan utviklast til dette.

##### Turisme:

Med to hotell, og eit stor antall varme senger er turistnæringa viktig for Kviteseid.

Morgedal som merkenamn kan brukast meir aktivt.....

Behovet for areal til nye hyttefelt, må vurderast opp mot målet om å ikkje binde opp meir urørt natur enn naudsynt.

*IT og tenestenæringar:*

Kviteseid har fleire verksemdar innan IT og tenestenæringar som omhandlar prosjektering og sal av konsulenttenester og varer, samt utvikling og sal av programvare. Døme på dette er Novelda AS, systemitec AS, Transisto AS og NC-Spectrum AS. NC-spectrum er ei av dei bedriftene i Kviteseid som har hatt stor vekst i tal sysselsette dei siste åra.

*Utdanning:*

Kvitsund er ein viktig kunnskapsarena i kommunen, både som arbeidsplass og studiestad. For elevane i Kviteseid og kommunane rundt betyr skulen her at dei framleis kan bu heime, eller på internat under vidaregåande utdanning. Å støtte arbeidet med å oppretthalde og styrke Kvitsund er difor ei høgt prioritert oppgåve for kommunen. Oppretting av nye linjer er viktig, slik at skulen framleis er eit førstevalg når elevar skal ut på vidaregåande opplæring. Kvitsund gjev arbeid til om lag 30 personar. I tillegg til Kvitsund er Vest-Telemark vidaregåande skule viktig for Kviteseid. ...



Bilete 2:Kvitsund, foto: Kurt Nødland

| Overordna mål                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              |                |                        |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------|----------------|------------------------|
| Kviteseid kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemdar og i nye arbeidsplassar.                                                                                                                                                                                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              |                |                        |
| Mål:                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Strategi:                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Tiltak:                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Ansvar/Plan                                  | Tidsperspektiv | Økonomi:               |
| <p>Kviteseid kommune skal ha vekst i tal arbeidsplassar</p> <p>Kviteseid kommune skal ha godt samarbeid med nabokommunane med mål om å utvikle felles bu- og arbeidsområde</p> <p>Kviteseid kommune skal gjennom si næringssatsing stå for hjelp og oppfølging eksisterande næringsliv og nyetablerarar.</p> | <p>Kviteseid kommune skal i særleg grad satse på, og bidra til utvikling innan:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kunst- og kulturproduksjon</li> <li>- utdanningsinstitusjonar og kunnskapsproduksjon</li> <li>- helse og rehabilitering</li> <li>- Næringshagesatsing</li> <li>- IT og tenestenæringar</li> </ul> <p>Sikre tilstrekkelig og eigna areal til handel og industri slik at lokale verksemdar kan ekspandere og nye kome til</p> <p>.</p> <p>.</p> | <p>Kviteseid kommune vil arbeide for å utvikle nye regionale linjer i samarbeid med næringslivet.</p> <p>Bygge opp om og vidareutvikle handels-/ service- og kulturnæringa i kommunen.</p> <p>Arbeide for å utvikle Kviteseid som ein attraktiv stad å besøke.</p>                                                                                          | Strategisk næringsplan for Kviteseid kommune | Planperioden   | Drift og/eller invest. |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              | Planperioden   |                        |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              | Planperioden   |                        |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              | Planperioden   | Investering            |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                              | <p>Kviteseid kommune vil medverke til at landbruksproduksjonen vert oppretthalde innfor dei nasjonale økonomiske rammer og i høve til dei klimatiske tilhøva som landbruket i Kviteseid har.</p>                                                                                                                                                                                                                                                                           | <p>Definere dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap</p> <p>Arbeide politisk for å fremje ein landbrukspolitikk som gjev ei akseptabel økonomisk inntekt for yrkesutøvarane innan landbruket i Kviteseid</p> <p>Oppretthalde infrastruktur i bygdesentra, og tilrettelegge for nybygging/generasjonsskifte i tilknyting til gardsbruk</p> | Kommuneplanens Arealdel                      | Planperioden   |                        |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              | Planperioden   |                        |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                              | Planperioden   |                        |

|  |                                                                                                    |                                                                                                                                                                             |  |  |  |
|--|----------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--|--|
|  | Nytte kulturminne, kulturmiljø, natur og kulturlandskap, til å styrke kultur- og reiselivsnæringa. | Opparbeide gode turstiar og informasjonstavler ved kjende kulturminne og –miljø.<br><br>Informere om og synleggjere natur og kulturattraksjonane våre i media og ulike fora |  |  |  |
|--|----------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|--|--|

## 5. Helse og omsorg

Kviteseid kommune skal innan tenestene som er omfatta av pleie og omsorg ha tilfredse pasientar og brukarar. Innan bistand og omsorg betyr det at brukarane skal oppleve tryggleik og møtast med respekt. Hjelp/bistand/pleie skal bli tildelt ut frå ei fagleg vurdering der teneskildringar sikrar at dei grunnleggjande behova vert dekkja. Brukarane skal kunne delta i prosessar som gjeld kva hjelp som skal ytast der dette kan stimulere til eigeninnsats og eit betre resultat for brukaren. Tenestene internt i kommunen og mellom eksterne samarbeidspartar skal vere samordna og koordinert slik at dei framstår som ein heilskap. Ressursane skal nyttast på ein god og rettferdig måte med kostnadseffektive tenester. Helsefremjande og førebyggjande innsats skal vere i fokus og det skal leggjast til rette for sosial kontakt og trivsel. Dette er ein viktig faktor i folkehelsearbeidet.

Auke i tal eldre vil på sikt medføre behov for fleire ressursar og truleg behov for meir bygningsmasse innan helse- og omsorgssektoren.

Kviteseid har dei siste åra opplevd auke i tal mottakarar av kjernetenester særskilt i gruppa 67-79 år.

### *Samhandlingsreforma:*

Samhandlingsreforma inneber at kommunane tek over deler av tenesteproduksjonen frå helseføretaka, og at det er utarbeidd samarbeidsavtalar mellom kommunen og helseføretaka. Dette skal gje betre eller like gode tenester som før nærare brukarane, i tillegg til auka fokus på førebyggjande arbeid og folkehelsearbeid.

Samhandlingsreforma medfører behov for meir og betre tverrfagleg samarbeid kring brukarane. Innan

sekundærførebyggjande arbeid/rehabilitering vil tverrfagleg samarbeid vere naudsynt for å lukkast med innsatsen. Dette utfordrar planleggings- og utviklingskapasiteten i kommunen, men tidleg innsats og igangsetting av arbeidet på dette feltet vil kunne gje gevinstar på sikt.

Kviteseid kommune skal vere positiv til interkommunale tiltak som kan gi betre kvalitet i tenesta.

### *Universell utforming:*

Det skal takast omsyn til universell utforming i alle planverk.

Lovkrav til universell utforming i nybygg vert følgt opp gjennom byggesakshandsaminga. Dei største utfordringane når det gjeld universell utforming, vil vere knytt til tiltak i eksisterande områder, bygg og infrastruktur. Kviteseid kommune ynskjer å arbeide for universell utforming i offentlege bygg, knutepunkt og sentrumsområde.

### *Folkehelse:*

Den nye folkehelselova som vart sett i verk 1.januar 2012 har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som skal fremje folkehelse og jamne ut sosiale skilnader. Kommunen skal sikre folkehelsearbeidet ved å legge til rette for å fremje helse, trivsel og redusere faktorar som har negativ innverknad. Samfunnet vi lever i har innverknad på folkehelsa vår. Folkehelsesituasjonen i ein kommune kan ikkje forklarast ut i frå individuelle val og genetiske føresetnader åleine. Samfunnsmessige tilhøve påverkar helsa vår, og er også med på å skape sosiale helseskilnader.

For å gjere folkehelsearbeidet treffsikkert i kommunen er det ein føresetnad å identifisere tilhøva som har innverknad på befolkninga si helse. Det vil seie å ha ei oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar i Kviteseid. Folkehelseprofilen gjev ein peikepinn på utfordringane i kommunen. Folkehelseprofilane varierer, og ein bør vere forsiktig med å bruke dette verktøyet som einaste grunnlag for folkehelseutfordringane. Likevel er det naturleg å tru at Kviteseid følgjer trendane i landet generelt, og at livsstilsjukdomar synast å vere ei reell utfordring. Vi veit at den norske befolkninga sett under eitt er blant dei minst fysisk aktive i Europa. 1 av 5 (i alderen 20-70+ år) oppfyller tilrådd mål for fysisk aktivitet.

Å auke fokus og ressursbruk for å sikre helsefremjande og førebyggjande innsats er heilt nødvendig, mellom anna for å oppnå positiv utvikling på folkehelseprofilane. Vidare må ein arbeide for å gjere folkehelsearbeidet til ein kontinuerleg politisk prosess, innanfor alle område. Tverrsektorielt samarbeid er eit nøkkelord innan folkehelsearbeid, både i og utanfor kommuneorganisasjonen.

Samfunnsdelen som heilskap skildrar fleire mål og tiltak som dreier seg om folkehelse. Arbeidet vidare blir å utvikle ein eigen handlingsplan for folkehelsearbeidet i Kviteseid, noko som krev ein grundigare gjennomgang og oversikt over helsetilstanden på kommunenivå. Like viktig som å identifisere negative påverknadsfaktorar og utfordringar, er å sjå på dei ressursane som påverkar helse i eit lokalsamfunn. I Kviteseid er natur og friområde lett tilgjengeleg. Vi har eit rikt kultur- og idrettstilbod samt ei aktiv kyrkje, som gjev sosiale møteplassar. Alle desse ressursane er med på å gje eit godt grunnlag for folkehelsa i Kviteseid.



Bilete 3: Folkehelse - Peter og Torunn på toppen av Venlifjell



Bilete 4: Folkehelse – Teknisk øver på førstehjelp

| <b>Overordna mål</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                        |                                                                                                 |                       |                     |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|---------------------|
| <b>Kviteseid kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.</b>                                                                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                        |                                                                                                 |                       |                     |
| <b>Mål:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>Strategi:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>Tiltak:</b>                                                                                                                                                         | <b>Ansvar/Plan:</b>                                                                             | <b>Tidsperspektiv</b> | <b>Økonomi:</b>     |
| <p>Sikre mest mogleg helse innafor dei ressursane som er tilgjengelege i kommunen.</p> <p>Legge til rette for at innbyggjarane får gode høve for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet slik at dei kan utvikle seg ut i frå egne interesser og føresetnader jamfør kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2018</p> <p>Utjamne sosiale helseskilnader</p> | <p>Kartlegge status for helsetilstanden og påverknadsfaktorane i Kviteseid kommune</p> <p>Utarbeide ein folkehelseplan.</p> <p>Samarbeid på tvers av etatane i kommunen og mellom kommunale og private aktørar</p> <p>Satse på førebyggjande og helsefremjande tiltak med eigenmestring i fokus for å førebygge funksjonssvikt og forverring av helse.</p> | <p>Frisklivssentral</p> <p>Utstyrssentral</p>                                                                                                                          | <p>Folkehelsekoordinator</p>                                                                    | 2017                  | Drift               |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                        | <p>Folkehelsekoordinator</p> <p>Folkehelseplan</p>                                              | 2017                  | Drift/invest.       |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | <p>Legge til rette for lågterskeltilbod innan kultur, idrett og friluftsliv, der økonomi ikkje er avgjerande for deltaking</p> <p>Sikre ei plan- og målstyrt utbygging av idrettsanlegg og tilrettelegging for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv</p>                                                                                                 | <p>Sikre folkebiblioteka</p> <p>Sentrumsnære turstiar</p> <p>Sikre attraktive friluftsområde</p> <p>Vedlikehalde og opparbeide turstiar</p> <p>Etablere klatrepark</p> | <p>Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2018</p>                     | Planperioden          | Invest. (sjølvfin.) |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                        | <p>Idrettsrådet</p> <p>Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2018</p> | 2017                  | Drift               |
| <p>Ha eit best mogleg kommunehelsetilbod i kommunen</p>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | <p>Rekruttere, bygge opp og utvikle kompetansearbeidskraft</p> <p>Samarbeide med nabokommunane for å kunne oppretthalde og utvikle tenestetilbodet</p>                                                                                                                                                                                                     | <p>Vidareutvikle gode primærhelsetenester i kommunen</p> <p>Vidareutvikle ei god rehabilitering- og omsorgsteneste</p>                                                 |                                                                                                 | Planperioden          | Drift               |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                        |                                                                                                 | Planperioden          | Drift               |

|                                                   |                                                                                                                                                 |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |  |                                                                  |                    |
|---------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--|------------------------------------------------------------------|--------------------|
|                                                   | Avklare og formalisere samarbeid internt i kommunen, med andrelina, andre kommunar og instansar som det er naudsynt og tenleg å samarbeide med. | Utvikle ei fagelg forsvarleg teneste innan miljøretta helsevern og smittevernsarbeid<br><br>Lokalmedisinske tenester og funksjonar for øyeblikkeleg hjelp i samarbeid med dei andre kommunane i Vest-telemark                                                                                                          |  | 2017<br><br>Planperioden                                         | Drift<br><br>Drift |
| Kviteseid skal vere eit ope og raust lokalsamfunn | Utvikle trygge lokalsamfunn med gode møteplassar for alle.                                                                                      | Ha aktive grendelag og grendehus, kyrkjer og bedehus<br><br>Ha ein aktiv Frivilligsentral<br><br>Utarbeide plan for mottak og integrering av flyktningar<br><br>Ta omsyn til minoritetskulturar i alt planverk<br><br>Oppmode og ansvarleggjere lag og organisasjonar til å inkludere tilflyttarar i deira aktivitetar |  | Planperioden<br><br>2017<br><br>Planperioden<br><br>Planperioden | Drift/invest.      |

|                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                            |  |  |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------|--|--|
| Flest mogeleg brukarar skal bu heime så lenge som mogleg                                                              | <p>Innan heimetenesta skal ein halde fram eit sterkt fokus på</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-tenester og tiltak i eigen heim,</li> <li>- styrke og vidareutvikle demensomsorga.</li> <li>- vidareutvikle heildøgnsstenester i omsorgsbustader.</li> </ul> <p>Styrke og prioritere korttidsfunksjonar knytt til sjukeheimane framfor å satse på sjukeheim som buform.</p> | <p>Satse på velferdsteknologi for at flest mogeleg skal få bu heime lengst mogeleg.</p> <p>Dagsenter for demente</p> <p>Nytte kompetansen til ergoterapeut</p> <p>Vurdere trong for å etablere ei korttidsavdeling som kan ta hand om utredning, behandling, rehabilitering og avlastning.</p> |                            |  |  |
| Ha tilstrekkelig med sjukeheimplassar og/eller omsorgsbustader, og sikre gode bumiljø for personar som treng bistand. | Bustader for personar som treng assistanse frå hjelpepersonell må ligge i nærleik til allereie organiserte helse- og omsorgstenester.                                                                                                                                                                                                                                                 | <p>Utgjeie trongen for sjukeheimplassar i kommunen og bygge fleire om naudsynt</p> <p>Sjå byggtekniske utbetringar i samanheng med bustadsosial handlingsplan og eventuelle endringar der.</p>                                                                                                 | Bustadsosial handlingsplan |  |  |

## 6. Oppvekstmiljø, barn og unge

### *Skular, barnehagar og fritidstilbod*

Skule som tenesteområdet har vore høgt prioritert. Betydeleg redusert elevtal, gjer at det i framtida blir meir krevjande å oppretthalde strukturen slik den er i dag. Innan skule blir det viktig å sikre god kvalitet på opplæringa, drive kostnadseffektivt og samtidig oppnå like gode skuleresultat som Kviteid har utmerka seg med dei siste åra.

Kviteid har i dag 3 skular. På straumsnes i Vrådal, og på Brunkeberg er skule for elevar på 1-4 trinn og desse går vidare på Kviteid skule på 5-10 trinn.

Kviteid har 3 barnehagar. Barnehagane er samlokalisert med skulane, og i Vrådal og Brunkeberg er dei organisert som oppvekstsenter.

Kvitsund er den einaste vidaregåande utdanningsinstitusjonen i Kviteid. Det er i dag plass til ca 200 elevar på skulen. Skulen er ein privatskule med internat og det er mange elvar frå heile landet som nyttar tilbodet på skulen. Skulen betyr mykje for kommunen, og oppretthalde og styrke Kvitsund er difor ei prioritert oppgåve for kommunen.

Kviteid har elles eit stort og variert kultur og fritidstilbod som gjev moglegheiter for ei aktiv fritid. Kulturskulen gjev undervisningstilbod til skuleelevar og andre innan musikk, song, og moderne dans. Frå hausten 2017 startar kulturskulen opp tilbod innan mekanisk fag (mekkeklubb) Det er fleire aktive lag i kommunen som gjev gode tilbod innan idrett og friluftsliv.

### *Kyrkja*

Kviteid har seks kyrkjebygg. Kyrkja i Kviteid er ein viktig kulturarena og ein viktig aktør i lokalsamfunnet. Kyrkja har ein viktig plass i livsløpet til mange av innbyggjarane særleg innan trusopplæringsarbeid, og vidareføring av den kristne kulturarven for born og unge.

### *Prosjekt og satsingsområde*

Barnehagane i kommunen har, fokus på å utvikle og auke sosial kompetanse med vektlegging på venskap og omsorg for på den måten å førebygge mobbing. Barns språkutvikling er eit viktig satsingsområde som vil bli arbeidd meir med i åra framover saman med foreldre, helsestasjon, skule, PPT og barnevern.

Det vert jobba mykje med tidleg innsats i skule og barnehage. Barnehagen skal fange opp born med særskilte behov, og dette vert fulgt opp i skulen.

Innan skule vil «bedre læring» vere fokusområdet dei næraste 4 åra. Strategien inneber ei felles satsing på klasseleiing og grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning.

Kviteid kommune har vorte språkkommune, og skal ha fokus på språk.

Med tanke på hovudmålsettingane til Kviteid kommune om å auke folketalet, og vere ein god og trygg plass å bu er det viktig å legge til rette for at barn og ungdom kan verte samfunnsengasjerte innbyggjarar, med tilhøyrrighet og framtidsutsikter i kommunen.

| <b>Overordna mål</b>                                                                                           |                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                      |                       |                 |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------|
| <i>Kviteseid kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.</i> |                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                      |                       |                 |
| <b>Mål:</b>                                                                                                    | <b>Strategi:</b>                                                                                                                                    | <b>Tiltak:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            | <b>Ansvar/Plan:</b>                                                  | <b>Tidsperspektiv</b> | <b>Økonomi:</b> |
| Barn og unge skal kunne føle tilhørighet og ha framtidsutsikter i kommunen                                     | Bygge identitet                                                                                                                                     | Legge til rette for elevbedrifter                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | Skulepolitisk plan                                                   | Planperioden          | Drift           |
|                                                                                                                |                                                                                                                                                     | Skape lærlingeplassar                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |                                                                      | Planperioden          | Drift           |
|                                                                                                                |                                                                                                                                                     | Fremje lokal kulturhistorie                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                                      | Planperioden          |                 |
|                                                                                                                |                                                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                      | Planperioden          | Drift           |
| Oppfylle måla i FNs barnekonvensjon                                                                            | Ha eit aktivt ungdommens kommunestyre                                                                                                               | Halde fram utviklingssamarbeidet I Vest-Telemark<br><br>Oppretthalde og vidareutvikle ein god kulturskule<br><br>Oppretthalde skulefritidsordninga(SFO)<br><br>Aktiv deltaking i nasjonale satsingsprogram innan skule og barnehage. Som til dømes motivasjons og meistringsprosjekt.<br><br>Hospitering internt i skule og barnehage og med nabokommunar | Politisk leiing                                                      | Planperioden          | Drift           |
|                                                                                                                | Ha eit aktivt barnevern                                                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                      |                       |                 |
|                                                                                                                | Større grad av tverrfagleg samarbeid om barn sitt beste                                                                                             |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Skule og folkehelsekoordinator.                                      |                       | Drift           |
|                                                                                                                | Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar, skular, barnehagar og familiar om fysisk aktivitet og fritidstilbod for born og unge               |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014-2018 | Planperioden          | Drift           |
|                                                                                                                | Arbeide for eit godt skule og barnehagetilbod i kommunen                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |                                                                      | Planperioden          | Drift           |
|                                                                                                                | Arbeide for å oppretthalde og styrke Kvitsund                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Skulepolitisk plan                                                   | Planperioden          | Drift           |
|                                                                                                                | Jobbe med målsetting, planverk som grunnlag for forbetring og kvalitetsutvikling i skule og barnehage. Kompetanseheving – vurdering og klassedeling |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Skulepolitisk plan                                                   | Planperioden          | Drift           |
| Trygg skuleveg                                                                                                 | Arbeide for gang- og sykkelveg                                                                                                                      |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | Trafikktryggleiksplanen                                              | Kontinuerleg          | Drift/invest.   |

## 7. Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane har dei siste åra fått nye oppgåver og eit større ansvar for å beskytte liv, helse, miljø, materielle verdiar og kritisk infrastruktur.

Kommunen må vere rusta til å møte kriser av forskjellig storleik og konsekvens; frå ras og ureining, svikt i straumforsyning til pandemi og større ulykker. Kommunen må også ta høgde for å takle situasjonar som har oppstått som følgje av ekstremver.



Bilete 7: Flaum Dalaåi, foto Tarjei Draugedal

Kompetanse og planverk må tilpassast nye krav, overordna risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS-analysar) må gjennomførast, og samfunnstryggleik må få ein brei plass i areal- og verksemdsplanar. Dei siste åra har vi opplevd større flaum enn tidlegare, noko som stiller større krav til konsekvensutgreiingar og at ein unngår nybygging i fareområde. Det betyr at i åra som kjem vil tilpassing og oppdatering av planverk, kompetansehevingstiltak, øvingar og samarbeid med andre instansar, og investering i sikringstiltak ha eit særskilt fokus.



Bilete 8: Rassikring.

| <b>Overordna mål:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                |                                                                   |                                                                |                       |                  |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|-----------------------|------------------|
| <b>Kviteseid kommune skal ivareta innbyggjarane sin tryggleik</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                |                                                                   |                                                                |                       |                  |
| <b>Mål:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      | <b>Strategi:</b>                                                                                                                                                               | <b>Tiltak:</b>                                                    | <b>Plan/ansvar</b>                                             | <b>Tidsperspektiv</b> | <b>Økonomi:</b>  |
| Ivareta innbyggjaranes tryggleik og vera førebudd på uønska hendingar som til dømes: <ul style="list-style-type: none"> <li>- smittesjukdom, pandemi</li> <li>- brann, trafikkulykker, båthavari og andre storulykker med mange involverte</li> <li>- naturskade</li> <li>- brot på infrastruktur, vegnett</li> <li>- straumbrot</li> </ul> Førebygge naturskade | Ha eit oppdatert beredskapsplanverk<br><br>Samarbeid med andre offentlege instansar og organisasjonar om førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver der det er hensiktsmessig | Gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyser                        | Beredskapsplanen                                               | Planperioden          | Drift            |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                | Gjennomføre beredskapsøvingar                                     | Beredskapsplanen                                               | Planperioden          |                  |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                | Kursing og kompetansehevande tiltak blant dei tilsette i kommunen | Beredskapsplanen                                               | Planperioden          |                  |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Kartlegge risiko for naturskade i utsette områder<br><br>Ta omsyn til klimaendringar i all planlegging                                                                         | Flaumsikring                                                      | Teknisk / NVE                                                  | Planperioden          | Invest.          |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                |                                                                   | Arealdelen<br>Kommunedelplanar<br>Reguleringsplanar<br>Teknisk | Planperioden          | Invest.          |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Arbeide for å styrke trafikktryggleiken                                                                                                                                        | Etablere fleire gang og sykkelveggar                              | Trafikktryggleiksplan                                          | Planperioden          | Statens vegvesen |
|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  | Sikre kommunale drikkevasskjelder                                                                                                                                              | Tiltak er spesifisert i den overordna ROS analysa                 | Hovudplan for vatn og avløp                                    |                       |                  |

## 8. Klima, energi og miljø

Det skal takast omsyn til klimaendringar som til dømes auka flaum-/skredfare og ekstremvær i kommuneplanarbeidet. Nye tiltak bør ikkje planleggast i sårbare og utsette områder. Konsekvensane må vurderast samla og for kvart enkelt område gjennom ROS-analyser. Klima og energiplan (Rullerast 2018) skal vere eit reiskap for å sikre heilskapsomsyn i saker som vedkjem energi, klima og miljø.

Oppgradering til mindre energikrevjande oppvarmingssystem og tiltak for å redusere avfallsmengder gjennom til dømes sortering vert viktige satsingsområde. Det er fleire grunneigarar som har planar om og ynskjer å få til utbygging av fornybar energi (mikro og minikraft), men som opplever at lovverket gjer det vanskeleg og kostnadskrevjande. I den grad det er mogleg skal kommunen legge til rette for lokalproduksjon av fornybar energi og andre energi- og klimareduserande tiltak.

### *Arendalsvassdraget og Telemarkskanalen*

I både Arendalsvassdraget og Telemarkskanalen er det gjort store utbyggingar. Reguleringa av Sundsbarm kraftverk er under revisjon i 2017. Kommunen har interesser av å sikre innbyggjarane sine interesser i dette arbeidet. Dette gjeld både tilgang til fiske, flaumsikring.

I begge dei store vassvegane som renn gjennom kommunen gjeld fylgjande mål:

- Sikre vassdraget som ressurs
- Samordne og betre bruken av vassdraget og dei vassdragsnære områda
- Kartleggje og søkje å løyse motsetningar/konfliktar
- Sikre vassdraga med levande lokalsamfunn.

Arealplanen skal legge til rette for at vassdraget skal få ei differensiert forvaltning utifrå verneverdiar og arealtilstand.

| <b>Overordna mål</b>                                          |                                                                                       |                                                 |                                                    |                    |                 |
|---------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------|----------------------------------------------------|--------------------|-----------------|
| <b>Redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff</b> |                                                                                       |                                                 |                                                    |                    |                 |
| <b>Mål:</b>                                                   | <b>Strategi:</b>                                                                      | <b>Tiltak:</b>                                  | <b>Tidsperspektiv</b>                              | <b>Plan/ansvar</b> | <b>Økonomi:</b> |
| Redusere utslepp av klimagasser                               | Bevistgjøring av innbyggjarane sitt forbruk og forureining                            | Tilrettelegging av gang og sykkelstiar          | Klima og energiplan                                | 2018 / SOO         | Drift/invest    |
| Redusere kommunal energibruk med 10 %                         | Oppfølging av ENØK-analysen/ energiutgreiinga av kommunale bygg                       | Søke midlar til energisparetiltak / ENØK-tiltak | ENØK-analyse og energiutgreing av kommunale bygg   | Planperioden       | Drift/invest    |
| Auke lokalproduksjon av fornybar energi                       | Støtte lokalproduksjon av fornybar energi og andre energi- og klimareduserande tiltak |                                                 | Klima og energiplan                                |                    |                 |
| Redusere avfallsmengder                                       | Bevistgjøring av innbyggjarane sitt forbruk og forureining                            | Kjeldesortering/kompostering                    | Kvar einskilt – Renovest (strategi og informasjon) | Planperioden       |                 |

## 9. Naturressursar, natur- og kulturlandskap

Landskapsmessig er Kviteid eit Telemark i miniatyr, med øyar og holmar i Vrådal, og fjordar som strekk seg innover i kommunen og endar i flotte fjell og heier. Dette gjev eit rikt og variert landskap med eit mangfaldig dyre- og planteliv, og ulike moglegheiter for jordbruk, matauk og natur- og friluftsliv. Bevaring av natur- og kulturmiljø vil vere ein viktig faktor i arealplanlegginga.

### *Naturlandskap og friluftsområde:*

Kviteid har store område med tilgjengeleg naturlandskap som nyttast til friluftsliv og rekreasjon. Nokre av desse områda er utan tekniske inngrep, medan andre område inneheld hytter og traktorvegar. Det er særleg ynskjeleg å ivareta urørte område (natur 1-5 km frå tekniske inngrep) i størst mogleg grad då dei har ein særskild opplevingsverdi.

Det er mange skilta og merka turstiar fordelt i heile Kviteid og eit eigne turkart for fleir av desse. I tillegg er det tilrettelagt sentrumsnære turstiar i Kviteid og Vrådal. Det er eit mål at Morgedal også får ein sentrumsnær veg i løpet av 2018.

Alle desse stiane er godt brukte og det vert viktig å vedlikehalde dei også i framtida. Det bør vere eit mål at Venli turområde i Vrådal kan kome inn som eit viktig turområde også på nasjonalt nivå.

### *Naturmangfald*

Det biologiske mangfaldet i kommunen har vore registrert, men framleis er det store delar av kommunen som endå ikkje er kartlagt. Naturmangfaldet må takast vare på og ein må gjennom all planlegging ta omsyn til det og unngå nedbygging av viktige lokalitetar og artar. Det er fleir naturreservat i kommunen, som må hensyntas på ein god måte

### *Spesielle naturlokalitetar:*

**Telemarkskanalen,**

**Arendalsvassdraget**

**Brokefjell naturreservat** har som formål å bevare eit større, velavgrensa barskogområde med lang skogkontinuitet og ein klar urskogpreget skogkultur. (Miljødirektoratet, Naturbase.no 11.07.2017).

#### *Skogforvaltning:*

Kviteseid kommune sitt samla areal er vel 700 000 dekar. Om lag 50% av dette er rekna som produktivt skogareal. Det arealet som er skogkledt er vesentleg større. Av det produktive skogarealet er om lag 1/6 tilvaks med lauvskog. Fureskogen utgjer litt større areal og granskogen litt mindre.

Det vert teke ut om lag 30.000 m<sup>3</sup> tømmer kvart år. Tilveksten er 50-60.000 m<sup>3</sup>, men økonomien i skogbruket tilseier at det ikkje vert tatt ut.

(Oppdaterte tall.....)

#### *Viltforvaltning:*

**Hjort:** Elg og Hjortejakta er for mange ein viktig fritidsaktivitet og kjelde til matauk og attåttnæring. Dei siste åra (2015-2016) har det vore teke ut kring 120 elg (Dette er betydeleg ned sidan toppåret 2003, då det vart skutt over 350 elg.), og 50 til 60 hjort.

Hovudmålsettinga for hjorteforvaltninga i Kviteseid er å ha sunne stammer som gjev eit haustbart overskot sett i høve til leveområda sin produktivitet og mangfald. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable

skader knytt til skogbruk, jordbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser.

#### *Mineralske ressursar:*

Det er eit mål at kommunen i størst mogleg grad er sjølvforsynt med byggjeråstoff som sand, pukk og grus for å minimere transport og klimautslepp. Nokre av dei største grusførekomstane i kommunen finn ein i området rundt Spjotsodd og deler av desse vert utvunne i dag. Dette er viktige ressursar for å oppretthalde sjølvforsyninga av byggjeråstoff i kommunen samstundes som den vidare utnyttinga av desse kan ha betyding for utvikling av sentrum og område rundt. Viktige mineralførekomstar i kommunen og utnytting av desse må avklarast i samband med arealplanarbeidet.

#### *Kulturminne og kulturmiljø:*

Kviteseid har mange viktige kulturminne og kulturmiljø som ein må ta vare på og forvalte for framtida. Kulturminne er spor etter menneske sitt liv og virke og kan vere alt frå eit historisk bygningsmiljø til ein arkeologisk funnstad. Alle kulturminne inngår i eit landskap eller kulturmiljø og bør alltid sjåast i samanheng med omgjevnadene. Nye bygg og anlegg må plasserast og utformast med tilpassing til desse kulturminna, og gjerne underordne seg dei. Kviteseid kommune skal starte arbeidet med ein kulturminneplan i 2018, der det vil bli gjennomført ei registrering av kulturminne innan gamle ferdselsveggar og skulehistorie. Det skal takast omsyn til registrerte kulturminne i kommuneplanens arealdel. Større kulturmiljø og område med høg lokal og regional verdi vil få særskilde føringar.

*Område av særleg kulturhistorisk verdi:*

- Gården Hauge i Morgedal. Den består av 8 bygninger, der 7 inngår i fredningen etter kulturminneloven §15. Våningshuset har 1600-talls kjerne, og har truleg vore røykjestove.
- Teleemarksskanalen og tilhøyrande bygninger
- : kulturlandskap/gamal husmannsplass
- støyl: stølsmiljø og kulturlandskap.
- Industribygg

## • Kulturmiljø i Kviteseid sentrum:

- Biblioteket (Gamle banken)
- Bryggehusa.
- Tusenårsstaden:
- :
- Kviteseid kyrkje ( )
- Kviteseid gamle kyrkje ( )

*Regionalpark:*

Kviteseid kommune er medeigar i Telemarksskanalen Regionalpark.

Jfr. Vedtektene til Telemarksskanalen regionalpark:

«Formålet med Telemarksskanalen regionalpark er å auke området sin attraktivitet som reisemål og boplass, og få til vekst og utvilning i næringslivet gjennom å foredle de særpregede ressursene knyttet til Telemarksskanalen og kanallandskapet.»

Lokale og regionale parkar er ein samarbeidsmodell for bygdeutvikling og bærekraftig bruk av område i Norge med særeigne natur- og kulturverdiar. Hensikta med Verdiskapingsprogrammet til KRD er å bidra til lokal og regional utvikling gjennom å ta vare på og utvikle natur, kultur, og miljø og menneskelege ressursar i gjeldande område. Parkane skal fremje heilskapleg stads- og næringsutvikling, samt levande bygdesamfunn i områder med nemnde verdiar (regjeringen.no 2013).

| <b>Overordna mål</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                    |                                                                                            |                                        |                 |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------|-----------------|
| <b>Kviteseid kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktige natur- og kulturlandskap</b>                                                                                                                                                                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                    |                                                                                            |                                        |                 |
| <b>Mål:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         | <b>Strategi:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                               | <b>Tiltak:</b>                                                                                     | <b>Plan/Ansvar:</b>                                                                        | <b>Tidsperspektiv</b>                  | <b>Økonomi:</b> |
| <p>Bevare dei store landskapstrekk og landskapsverdiane, og begrense inngrep som byggjer ned desse.</p> <p>Ivareta kulturlandskapet og lyngheiene og begrense attgroing.</p> <p>Ivareta viktige kulturminne og kulturmiljø.</p> <p>Auke verdiskapinga basert på natur- og kulturarven</p> <p>Sikre allmenn tilgang til natur og friluftsområde.</p> | <p>Unngå utbygging i store samanhengande områder utan større tekniske inngrep (i stor grad fjellområder/snaufjell), og i viktige friluftsområde, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag, samt viktige kultur- og naturlandskap</p> <p>Registrere dei viktigaste kjerneområda for landbruk og kulturlandskap</p> <p>Registrere dei viktigaste natur- og friluftsområda</p> <p>Deltake i arbeidet til reionalparken</p> | <p>Delta i interkommunale og regionale satsingar og prosjekt innan natur- og kulturforvaltning</p> | <p>Arealdelen</p> <p>Kommunedelplanen</p> <p>Kulturminneplanen</p> <p>Kommunen/ Fylket</p> | <p>Planperioden</p> <p>2018 – 2020</p> |                 |
| <p>Sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane.</p> <p>Ivareta naturmangfaldet</p>                                                                                                                                                                                                                                                          | <p>Registrere viktige mineralførekomst i kommunen</p> <p>Oppretthalde ei lokal og berekraftig forvaltning av Elg- og hjortestammen</p> <p>Støtte arbeidet med kartlegging av biologisk mangfald (også marint biologisk)</p> <p>Ta omsyn til naturmangfaldet i planlegginga og gjennom handsaminga av enkeltsaker.</p>                                                                                                          |                                                                                                    | <p>Kommunalt måldokument for forvaltning av hjortevilt i Kviteseid</p>                     |                                        |                 |

## 10. Bustadbygging og bumiljø

Kommunesenteret ligg i Kviteseidbyen.

I inneverande planperiode har det vore tilgjengeleg kommunale tomter med ulik lokalisering. Det byrjar no å minke på ledige tomter. Det er sterke ynskje og mange innspel om å legge til rette for fleire tomter og byggefelt. Kviteseid sin strategi for utbygging vil vere å fortette i størst mogleg grad både i Kviteseidbyen og i bygdesentra og med det ivareta ein berekraftig bustadstruktur, samt hindre nedbygging av jordbruksland og landskap.

Rekruttering til dei lokale bedriftene, meir pendling, samt utbygging av Telemark næringshage, krev at ein har tilstrekkelege og attraktive tomter klare til dei som måtte ynskje å etablere seg i Kviteseid. Med tanke på å auke folketalet i Kviteseid vil tilrettelegging av tomter og gode bustadstrukturar vere ei prioritert oppgåve framover.

Det er viktig å verne om kjerneområda for landbruk i kommunen og unngå at desse vert stykka opp, kommunen ynskjer likevel å tillate fradeling av tomter til bygging av hus nummer to på gardar der dette er tenleg for gardsdrifta og folketalet i fråflyttingstruga område.

Kommunen sin strategi er at nye bustadfelt i hovudsak skal lokaliserast nær bygdesentra. og i frå før utbygde område, og dermed bidra til å styrke eksisterande infrastruktur og sosialt miljø. Spreidd busetnad vil vi prioritere i bygdene.

Det må setjast av areal til nye byggjeområde og vurderast kvar ein kan tillate spreidd utbygging i LNF-område.

For større område vert det krav om utarbeiding av reguleringsplan, medan det må utarbeidast nærare føresegner/retningslinjer for område der ein tillèt spreidd utbygging.

Utbygging av nye areal både til bustader og hytter gjev eit auka press på tilrettelegging av småbåthamner og det er liten/ingen kapasitet i dei eksisterande båthamnene i kommunen. Det må opnast for utviding av eksisterande hamner og etablering av nye.



Bilete 9: Vi må tenke større

| <b>Overordna mål</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                |                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                      |                                                                   |                                                                     |                 |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|-----------------|
| <b>Kviteseid kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår.</b>                                                                                                                                                                                      |                                                                                                                                                                  |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                      |                                                                   |                                                                     |                 |
| <b>Mål:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                         | <b>Strategi:</b>                                                                                                                                                 | <b>Tiltak:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | <b>Tidsperspektiv</b>                | <b>Plan:</b>                                                      | <b>Ansvar:</b>                                                      | <b>Økonomi:</b> |
| Innbyggjarane i Kviteseid skal ha tilstrekkelege og attraktive tomter å velje i.<br><br>Det skal vere tilgjengelege bustader for grupper som har behov for dette (som ungdom/førstegongsetablerarar, flyktningar, eldre, vankselegstilte, m.fl.)<br><br>Sikre tilstrekkeleg areal til Småbåthamner. | Legge til rette for nye bustadstrukturar og fortette busetnaden i Kviteseidbyen.<br><br>Setje av område for spredt busetnad (også nær vatn) kring fleire bygder. | Setje av areal til nye bustadstrukturar i kommunens arealdel og kommunedelplanen samt vurdere og kartsetje område for fortetting.<br><br>Kommunen bør legge til rette for salg av bustadtomter og ha tilgjengelige gjennomgangsbustader<br><br>Utviding av eksisterande småbåthamner og avsetting av areal til nye | 2018<br><br>2018-20<br><br>2018-2021 | Kommuneplanens arealdel og kommunedelplanen for Kviteseid sentrum | Arbeidsgruppene for kommuneplanarbeidet og kommunens administrasjon | Invest          |

## 11. Hyttebygging

Hytteutbygging kan gje verdifulle inntekter og arbeidsplassar til kommunen, men fritidsbusetnad beslaglegg også betydelege areal, både i fjellet og langs vatna. Det har vore stor pågang for etablering av hyttefelt i Vrådal. Fleire område er allereie godkjent gjennom reguleringsplan, medan andre ventar på avklaring gjennom kommuneplanen. Samla sett er det i dag eit stort tal ledige tomter ulike stader i kommunen.

Miljøverndepartementet oppmodar om at kommunane legg meir vekt på miljøomsyn og kvalitet ved planlegging av hytteområde og sikrar viktige natur- og landskapsverdiar, samt ålmenta sin tilgang til friluftsområde. Ettersom det fortsatt er god kapasitet i eksisterande hyttefelt og ettersom friluftsliv og landskapsverdiar står sterkt i Kviteseid, vert det ikkje lagt opp til ei stor hytteutbygging i næraste planperiode. Det vert fokus på få til god kvalitet, meirverdi og ringverkander i dei områda som allereie er regulerte og i eventuelle nye felt.

Utbygging av nye areal både til bustader og hytter gjev eit auka press på tilrettelegging av småbåthamner og det er liten/ingen kapasitet i dei eksisterande båthamnene i kommunen. Då båtplass og tilgang til vatn er viktig for mange av dei som ynskjer fritidsbustad i Kviteseid må det opnast for utviding av eksisterande småbåthamner og etablering av nye.



Bilete 10: Vrådal. Foto Visit Vrådal

| <b>Overordna mål</b>                                                                                                                     |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                        |                       |                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------|
| <b>Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta sin tilgang til friluftsområder.</b> |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                               |                                                        |                       |                 |
| <b>Mål:</b>                                                                                                                              | <b>Strategi:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           | <b>Tiltak:</b>                                                                                                                                                                                                                                                                                | <b>Plan/ansvar:</b>                                    | <b>Tidsperspektiv</b> | <b>Økonomi:</b> |
| Kviteseid skal ha og attraktive tomter med vekt på miljøhensyn og meirverdi i dei ulike Bygdene                                          | <p>Fortetting i eksisterande felt</p> <p>Opne for spreidd bygging i enkelte avgrensa områder (der det allereie er enkelttomter frå før)</p> <p>Sikre tilstrekkeleg areal til småbåthamner</p> <p>Unngå utbygging i store samanhengande områder utan større tekniske inngrep (i stor grad fjellområder/snau fjell), og i viktige friluftsområde, sårbare landskap og regionalt viktige grøntdrag, samt viktige kultur- og naturlandskap</p> | <p>Endring av reguleringsplanar eller frådelling av enkelttomter.</p> <p>Utviding av eksisterande småbåthamner og avsetting av areal til nye</p> <p>Definere viktige friluftsområde og urørt/sårbart kultur- og naturlandskap</p> <p>Setje av areal til eventuelle hyttefelt i arealdelen</p> | Arealdelen og reguleringsplanar for dei enkelte områda | 2018                  |                 |

## 12. Infrastruktur, samferdsel og kommunikasjon

Infrastrukturtiltak knytt til fiberutbygging (breiband), overnattingskapasitet (hotell) og samferdsel (betre vegar) vil vere viktig for vidareutvikling av næring og tenester i kommunen, samt for å imøtekomme nye og eksisterande innbyggjarar sine behov. Flytting av E134 vil gje endra køyremønster gjennom kommunen, men det er framleis usikkert når dette skjer.



Bilete 11: Vegval. Framtidas bensinstasjon

| <b>Overordna mål</b>                                                                                                                     |                                                                |                                                         |                       |                                        |                 |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|-----------------------|----------------------------------------|-----------------|
| <b>Kviteseid kommune skal jobbe for bedre infrastruktur: veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyningar (mobil og fiber)</b> |                                                                |                                                         |                       |                                        |                 |
| <b>Mål:</b>                                                                                                                              | <b>Strategi:</b>                                               | <b>Tiltak:</b>                                          | <b>Tidsperspektiv</b> | <b>Ansvar/Plan:</b>                    | <b>Økonomi:</b> |
| Gode og tenelege kommunikasjonar på land, sjø og i luft                                                                                  | Kviteseid kommune skal arbeide opprusting av vegar             | Opprusting av                                           | Planperioden          | Fylkeskommunen                         |                 |
|                                                                                                                                          |                                                                | Vedlikehald, grøfting og asfaltering av kommunale vegar |                       | Fylkeskommunen/<br>verksemdar/kommunen | Invest          |
|                                                                                                                                          | Arbeide for eit godt regionalt busstilbod                      |                                                         |                       | Kommunen                               | Drift/invest    |
| Samanhengande gang- og sykkelvegar<br>Frå Sentrum til Kvitsund                                                                           | Revidere trafikktryggleiksplanen                               |                                                         |                       | Kommunen,<br>Fylkeskommunen.           |                 |
| Trafikktryggleik                                                                                                                         |                                                                |                                                         |                       |                                        |                 |
| Betre overnattingskapasiteten i Sentrum                                                                                                  | Kommunen skal legge til rette for overnattingstilbod i sentrum |                                                         |                       | Kommunen, verksemdar<br>Fylkeskommunen |                 |
| Oppdaterte og sikre mobil- og breibandstenester til alle bustader, institusjonar og bedrifter i heile kommunen                           |                                                                |                                                         |                       |                                        |                 |

### 13. Sentrumsutvikling

Vi ynskjer at Kviteseidbyen skal vere ein levande tettstad med urbane kvalitetar der folk både jobbar og bur. Å skape liv i sentrum utover butikkane si opningstid er ei prioritert oppgåve og for å få det til må ein legge til rette for både busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod i sentrumskjerna.



Bilete 12: Avkjøring til sentrum

| <b>Overordna mål</b>                                                                                   |                                                                                                                  |                                                                                                  |                       |                                                                                                    |                 |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|
| <b>Kviteseid kommune skal styrke Kviteseidbyen som kommunesenter og skape ein levande tettstad</b>     |                                                                                                                  |                                                                                                  |                       |                                                                                                    |                 |
| <b>Mål:</b>                                                                                            | <b>Strategi:</b>                                                                                                 | <b>Tiltak:</b>                                                                                   | <b>Tidsperspektiv</b> | <b>Ansvar/plan:</b>                                                                                | <b>Økonomi:</b> |
| Plasskrevjande og støyande industri skal ligge utanfor sentrum på eigne område                         | Planlegge egna områder til industri og samlokalisering av industrinæringa                                        | Avsette areal til industri utanfor sentrum                                                       | 2018-2019             | Kommuneplanen                                                                                      |                 |
|                                                                                                        | Utarbeide ein områdeplan for sentrum<br><br>Gjennomføre tettstadanalyse/<br>Søke tettstadmidlar/regionale midlar | Tilrettelegge for ferdsel langs, og til/frå vatn<br><br>Opparbeide gangsoner til og i strandsona | 2019                  | Tettstadanalyse og områdeplan utførast av kommunen i samarbeid med fylkeskommunen og innbyggjarane | Drift           |
|                                                                                                        |                                                                                                                  |                                                                                                  | Planperioden          | Kommunen, grunneigarar                                                                             | Invest          |
|                                                                                                        |                                                                                                                  |                                                                                                  | Planperioden          |                                                                                                    | Invest          |
| Skape ei heilskapleg og aktiv sentrumsjerne med busetnad, næringsaktivitet og kultur- og fritidstilbod | Utarbeide ein områdeplan for sentrum<br><br>Gjennomføre tettstadanalyse/<br>Søke tettstadmidlar/regionale midlar | Etablere attraktive møteplassar<br><br>Tilrettelegge for fleire butikk og kontorlokale           | Planperioden          | Tettstadanalyse og områdeplan utførast av kommunen i samarbeid med fylkeskommunen og innbyggjarane | Drift           |
|                                                                                                        |                                                                                                                  |                                                                                                  | Planperioden          | Kommune, verksemdar                                                                                | Drift/invest    |